AUSTRHEIM KOMMUNE

# Møteprotokoll
# Formannskapet

**Møtedato:** 11.06.2015
**Møtestad:** Kommunehuset - Børilden
**Møtetid:** 09:00-1700

Det varsynfaring i sak 078/15, 079/15 , 080/15 og 81/15- Synfaringa varte frå 1215 til 1515.

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| Per Lerøy | AP | Ordførar |
| Helge Dyrkolbotn | KRF | Varaordførar |
| Liv Ulvøy | V | Medlem |
| Ernst Stellberg | H | Medlem |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| Reidar Øksnes | SP | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| Knut Risnes | KRF | Varamedlem |

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Rådmann Jan Olav Osen, assisterande rådmann Olav Mongstad og avdelingsleiar Asbjørn Toft
**Helge Dyrkollbotn gjekk frå møte under handsaming av sak 84/15**

Dato 16.06.15

Per Lerøy
ordførar

Jan Olav Osen
rådmann

## Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 070/15 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 071/15 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 072/15 | Meldingar |
| 073/15 | Delegerte saker |
| 074/15 | Orienteringssak |
| 075/15 | Interkommunal nærings- og samfunnsplan - presentasjon i formannskap og administrativ høyring |
| 076/15 | Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020 |
| 077/15 | Søknad om støtte til næringsføremål - Litlås Næringsbygg |
| 078/15 | Dispensasjonssøknad om deling av tilleggsareal på eigedom gbnr. 160/3 til fritidseigedom gbnr. 160/91 på Lauvøy |
| 079/15 | Søknad om dispensasjon for oppføring av hytte gbnr 152/45 på Litlelindås |
| 080/15 | Dispensasjon på gbnr. 129/3 til oppgradering av landbruksareal på Litlås - Massehandtering |
| 081/15 | Godkjenning av planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» med planid. 2008006-Detaljregulering |
| 082/15 | Detaljregulering Johan Sverdrup oljerøyrleidning frå Bergsvikhamn til Mongstad- planID 2014002 - Offentleg ettersyn |
| 083/15 | Sak 14/1235 - gbnr 166/1 - Vestre Sævrøy - kai |
| 084/15 | Søknad om frådeling på gbnr. 165/1 av tilleggsareal til to fritidstomtar på Rongevær- Dispensasjon frå reguleringsplan |
| 085/15 | Søknad på gbnr. 161/2 om bygging av gangveg til naust på Øksnes - Dispensasjon |
| 086/15 | Revidert utbyggingssøknad frå Øksnes, Rebnor Nor og Rebnord Sør Vasslag |
| 087/15 | Klagehandsaming - gbnr 148/109 - Åråsvågen - tilbygg/påbygg garasje |
| 088/15 | Kunsthuset Austrheim - leigeavtale |
| 089/15 | Reviderte vedtekter for SFO i Austrheim kommune. |
| 090/15 | Samarbeidsmodell for brann og redningsteneste i bergensregionen |
| 091/15 | TV - aksjon 2015 - Regnskogfondet |
| 092/15 | Tertialrapport nr.1. 2015 med budsjettjusteringer. |
| 093/15 | Budsjettjusteringar nr.1 2015 |
| 094/15 | Budsjett 2015 - Økonomiplan 2016 - 2019 |

## 070/15: Godkjenning av innkalling og saksliste

### Rådmannen sitt framlegg:
Innkalling og sakliste vert godkjent

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 070/15 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 071/15: Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannen sitt framlegg:
Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 071/15 Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 072/15: Meldingar

### Rådmannen sitt framlegg:
Meldingane vert tekne til orientering

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 072/15 Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 073/15: Delegerte saker

### Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 073/15 Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 074/15: Orienteringssak

### Rådmannen sitt framlegg:

Orienteringane vert teke til vitande.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Torleiv Frotjold orienterte om ny ordning for rimelegare barnehage for hushald med låg inntekt.

Thomas Lindås orienterte om ny bygningslov.

Asbjørn N. Toft orienterte om fylgjande:

1.Orientering om kommuneplanarbeidet.
2.Orientering om detaljregulering gang- og sykkelveg Kilstraumen- Mastrevik med friluftsområde Ulvøy.
3.Orientering om skjønnsmidlar og prosjektet «*Ta vare på matjorda*» knytt til massehandtering av jord- og torvmassar.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 074/15 Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 075/15: Interkommunal nærings- og samfunnsplan - presentasjon i formannskap og administrativ høyring

### Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet tek planen til orientering og ber NUI ta omsyn til innspela som er gitt i saksframstillinga.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 075/15 Vedtak:**

Formannskapet tek planen til orientering og ber NUI ta omsyn til innspela som er gitt i saksframstillinga.

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 076/15: Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020

### Rådmannen sitt framlegg:

1. Austrheim kommune gir si tilslutning til Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020 inklusive tiltak for 2015-2016. Kommunen vil søkje å innarbeida planelementa i eigne kommunale planer der det er relevant.

2. Austrheim kommune tilrår at fylgjande element vert lagt til som tilleggsuttale til planutkastet:
    a. Strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) må sjåast i samanheng med interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland (under arbeid)
    b. Strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) må sjåast i samanheng med eksisterande næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020)

3. Austrheim kommune vil følgje opp følgjande under vidareføringa i eigen handlingsplan:
    a. Organisasjonsmodell til kommunal næringsutvikling i Austrheim kommune vert bestemd i løpet av sommar/haust 2015, og evntuelt implementert frå 31.12.2015. Type oppfølging frå

Austrheim kommune vert bestemt i dette tidsrommet.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

**FS - 076/15 Vedtak:**

1. Austrheim kommune gir si tilslutning til Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020 inklusive tiltak for 2015-2016. Kommunen vil søkje å innarbeida planelementa i eigne kommunale planer der det er relevant.

2. Austrheim kommune tilrår at fylgjande element vert lagt til som tilleggsuttale til planutkastet:
   a. Strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) må sjåast i samanheng med interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland (under arbeid)
   b. Strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) må sjåast i samanheng med eksisterande næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020)

3. Austrheim kommune vil følgje opp følgjande under vidareføringa i eigen handlingsplan:
   a. Organisasjonsmodell til kommunal næringsutvikling i Austrheim kommune vert bestemd i løpet av sommar/haust 2015, og evntuelt implementert frå 31.12.2015. Type oppfølging frå Austrheim kommune vert bestemt i dette tidsrommet.

---

## 077/15: Søknad om støtte til næringsføremål - Litlås Næringsbygg

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim formannskap støttar søknad frå Litlås Industribygg om tilskot med kr 40.000. Midlane vert løyvd frå Ubunde kapitalfond 25300021.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 077/15 Vedtak:**

Austrheim formannskap støttar søknad frå Litlås Industribygg om tilskot med kr 40.000. Midlane vert løyvd frå  Ubunde kapitalfond 25300021.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 078/15: Dispensasjonssøknad om deling av tilleggsareal på eigedom gbnr. 160/3  til fritidseigedom gbnr. 160/91 på Lauvøy

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev ikkje dispensasjon frå bebyggelsesplan til omsøkt deling på gnr. 160, bnr. 3 av tillegsareal til gnr. 160, bnr. 91 i område avsett til arealformål spesialområde - friluftslivområde.

Grunngjeving for vedtaket er i hovudsak at søknaden er i strid med føresegn nr. 6. *Frådelte enkelttomter skal ikkje ha større areal enn 1 dekar*» og føresegn nr 7. *Areal utanfor «tomteområdet» skal ha status som spesialområde - friluftslivområde.* Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.
Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka og fylgjande deltok:
Austrheim formannskap: Per Lerøy, Helge Dyrkolbotn, Liv Ulvøy, Knut Risnes og Ernst Stellberg.
Frå administrasjonen: Asbjørn Toft
Søkjar: Randi Arnesen og Rune Håkonsen

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 3 mot 2 røyster(Ernst Stellberg og Per Lerøy)

**FS - 078/15 Vedtak:**

Austrheim kommune gjev ikkje dispensasjon frå bebyggelsesplan til omsøkt deling på gnr. 160, bnr. 3 av tillegsareal til gnr. 160, bnr. 91 i område avsett til arealformål spesialområde - friluftslivområde.

Grunngjeving for vedtaket er i hovudsak at søknaden er i strid med føresegn nr. 6. *Frådelte enkelttomter skal ikkje ha større areal enn 1 dekar*» og føresegn nr 7. *Areal utanfor «tomteområdet» skal ha status som spesialområde - friluftslivområde.* Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.
Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 079/15: Søknad om dispensasjon for oppføring av hytte gbnr 152/45 på Litlelindås

### Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune seier seg samd i rådmannen sine vurderingar og konklusjonar og vedtar følgjande:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 19-2 gjev ein ikkje dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen til omsøkt bygging av fritidshus på gnr. 152, bnr. 45.

Naturmangfaldet i saka er opplyst og vurdert etter naturmangfaldlova, jf §§ 7-12 og omsøkt tiltak kjem i strid med denne.

Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka og fylgjande deltok:
Austrheim formannskap: Per Lerøy, Helge Dyrkolbotn, Liv Ulvøy, Knut Risnes og Ernst Stellberg.
Frå administrasjonen: Asbjørn Toft
Søkjar: David Bakke Haugen

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 4 mot 1 røyst(Ernst Stellberg)

**FS - 079/15 Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim kommune seier seg samd i rådmannen sine vurderingar og konklusjonar og vedtar følgjande:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 19-2 gjev ein ikkje dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen til omsøkt bygging av fritidshus på gnr. 152, bnr. 45.

Naturmangfaldet i saka er opplyst og vurdert etter naturmangfaldlova, jf §§ 7-12 og omsøkt tiltak kjem i strid med denne.

Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 080/15: Dispensasjon på gbnr. 129/3 til oppgradering av landbruksareal på Litlås - Massehandtering

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen for oppgradering av om lag 30 dekar jordbruksareal og bygging av anleggsveg og voll som omsøkt på følgjande vilkår:

1.Arbeidet skal ferdigstillast innan 01.05. 2020.
2.Ved ferdigstilling skal området vera ferdig grøfta og sådd i og vera klar til maskinell innhausting.
3.Berre reine natur- og jordmassar frå Mongstadområdet kan plasserast her.
4.Det skal vera ein låsbar port inn til området som skal stengast kvar dag etter arbeidstida.
5.Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med voll/ fangedam o.l..
6.Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet må alt arbeid stoppast og Hordaland fylkeskommune varslast.
7.Dersom tiltaket skapar støy og miljøproblem for naboar eller andre interesser kan Austrheim

kommune oppheva omgåande dette dispensasjonsvedtaket. Omsyn til friluftslivet skal takast i samband med transport av massar til området.
8. All massetransport hit skal kun gå inn i dette landbruksområdet på anleggsvegen frå eigedom med gnr. 128/115 på austsida av Litlåsfjellet. Køyring med massar på offentleg veg hit er ikkje i tråd med dette vedtaket.

Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF-områdetog at me med denne løysinga unngår køyring på offentleg veg med massane. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 .

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka og fylgjande deltok:
Austrheim formannskap: Per Lerøy, Helge Dyrkolbotn, Liv Ulvøy, Knut Risnes og Ernst Stellberg.
Frå administrasjonen: Asbjørn Toft
Søkjar: Terje Litlås

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 080/15 Vedtak:**

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen for oppgradering av om lag 30 dekar jordbruksareal og bygging av anleggsveg og voll som omsøkt på følgjande vilkår:

1.Arbeidet skal ferdigstillast innan 01.05. 2020.
2.Ved ferdigstilling skal området vera ferdig grøfta og sådd i og vera klar til maskinell innhausting.
3.Berre reine natur- og jordmassar frå Mongstadområdet kan plasserast her.
4.Det skal vera ein låsbar port inn til området som skal stengast kvar dag etter arbeidstida.
5.Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med voll/ fangedam o.l..
6.Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet må alt arbeid stoppast og Hordaland fylkeskommune varslast.
7.Dersom tiltaket skapar støy og miljøproblem for naboar eller andre interesser kan Austrheim kommune oppheva omgåande dette dispensasjonsvedtaket. Omsyn til friluftslivet skal takast i samband med transport av massar til området.
8. All massetransport hit skal kun gå inn i dette landbruksområdet på anleggsvegen frå eigedom med gnr. 128/115 på austsida av Litlåsfjellet. Køyring med massar på offentleg veg hit er ikkje i tråd med dette vedtaket.

Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF-områdetog at me med denne løysinga unngår køyring på offentleg veg med massane. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 .

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**081/15: Godkjenning av planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» med planid. 2008006-Detaljregulering**

**Rådmannen sitt framlegg:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Austrheim kommune planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» med planid. 2008006. Plankart er datert 15.10.2014 og føresegner den 06.01. 2015.

**21.01.2015 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå ordføraren:

Saka vert utsett. Det vert synfaring i saka og dialog med dei som arrangerer landbruksdagane.

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

**FS - 008/15 Vedtak:**

Saka vert utsett. Det vert synfaring i saka og dialog med dei som arrangerer landbruksdagane.

**06.05.2015 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak frå ordføraren:
Saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FS - 062/15 Vedtak:**

Saka vert utsett.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka og fylgjande deltok:
Austrheim formannskap: Per Lerøy, Helge Dyrkolbotn, Liv Ulvøy, Knut Risnes og

Ernst Stellberg.
Frå administrasjonen: Asbjørn Toft
Andre : Terje Håland og Sjur Brandtun

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 081/15 Vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Austrheim kommune planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» med planid. 2008006. Plankart er datert 15.10.2014 og føresegner den 06.01. 2015.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 082/15: Detaljregulering Johan Sverdrup oljerøyrleidning frå Bergsvikhamn til Mongstad- planID 2014002 - Offentleg ettersyn

### Rådmannen sitt framlegg:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til detaljreguleringsplan Johan Sverdrup (JoSEPP) Oljerøyrleidning, Bergsvikhamn til Mongstad – PlanID 12642014002» med plandokument datert 21.05.2015 og 26.03.2015 lagt ut på offentleg ettersyn med følgjande tillegg i reguleringsføresegnene:

1.Dersom det skal køyrast røyr, sand-, stein eller jordmassar i samband med anleggsdrifta på Kv 1044 må det byggjast fortau frå avkøyringa ved kyrkja i Austrheim og til og med der anleggsvegen si avkøyring er på Kv. 1044. Tunellbygginga i BAS1 ved Fv. 565 kan ikkje få igangsettingsløyve eller ferdigattest før bruksløyve/ferdigattest på dette fortauet er gjeve eller er sikra opparbeidd.

Grunngjevinga for vedtaket er elles gjeve i saksutgreiinga.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 082/15 Vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til detaljreguleringsplan Johan Sverdrup (JoSEPP) Oljerøyrleidning, Bergsvikhamn til Mongstad – PlanID 12642014002» med plandokument datert 21.05.2015 og 26.03.2015 lagt ut på offentleg ettersyn med følgjande tillegg i reguleringsføresegnene:

1.Dersom det skal køyrast røyr, sand-, stein eller jordmassar i samband med anleggsdrifta på Kv 1044 må det byggjast fortau frå avkøyringa ved kyrkja i Austrheim og til og med der anleggsvegen si avkøyring er på Kv. 1044. Tunellbygginga i BAS1 ved Fv. 565 kan ikkje få igangsettingsløyve eller ferdigattest før bruksløyve/ferdigattest på dette fortauet er gjeve eller er sikra opparbeidd.

Grunngjevinga for vedtaket er elles gjeve i saksutgreiinga.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

### 083/15: Sak 14/1235 - gbnr 166/1 - Vestre Sævrøy - kai

#### Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt til kai og flytebrygge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jamfør §§ 1-8 og 11-6.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 083/15 Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt til kai og flytebrygge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jamfør §§ 1-8 og 11-6.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

### 084/15: Søknad om frådeling på gbnr. 165/1 av tilleggsareal til to fritidstomtar på Rongevær-Dispensasjon frå reguleringsplan

#### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan for Rogeværet som omsøkt til deling av to mindre restareal på gnr. 161, bnr. 1 som er i område avsett til arealformål grønstruktur. Grunngjeving for vedtaket er i hovudsak at ein ved denne delinga får delt frå to restareal som i dag er ein naturleg del av dei to fritidstomtane her. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Helge Dyrkollbotn forlot  resten av møtet.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 084/15 Vedtak:**

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan for Rogeværet som omsøkt til deling av to mindre restareal på gnr. 161, bnr. 1 som er i område avsett til arealformål grønstruktur. Grunngjeving for vedtaket er i hovudsak at ein ved denne delinga får delt frå to restareal som i dag er ein naturleg del av dei to fritidstomtane her. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 085/15: Søknad på gbnr. 161/2 om bygging av gangveg til naust på Øksnes - Dispensasjon

## Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune gjev dispensasjon som omsøkt gangveg til eksisterande naust på følgjande vilkår:

1. Gangvegen som skal vera smalare enn 2 meter skal vera open for ålmenta og ikkje køyrbar for bilar.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 085/15 Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim kommune gjev dispensasjon som omsøkt gangveg til eksisterande naust på følgjande vilkår:
1. Gangvegen som skal vera smalare enn 2 meter skal vera open for ålmenta og ikkje køyrbar for bilar.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 086/15: Revidert utbyggingssøknad frå Øksnes, Rebnor Nor og Rebnord Sør Vasslag

## Rådmannen sitt framlegg:

1. Austrheim kommune inngår ein utbyggingsavtale med vasslaga som dekkar 60 % av kostnadene. Dette utgjer kr. 838 200,-. Delsummar kan refunderast ettersom tilknytingsavgift vert betalt inn eller det er budsjettmessig dekning.
2. Momsrefusjonen etter justeringsreglane på kr. 349 250,- vert tilbakebetalt over 10 år, eller etter dei til ei kvar tid gjeldande reglar
3. Kommunen betalar inn sin del av kostnadene knytt til den kommunale tomta. Summen på

   kr. 30 546,67 vert betalt inn når kommunen har budsjettmessig dekning for dette beløpet.

4. Rådmannen utarbeider utbyggingsavtale bygd på prinsippa i denne saksframstillinga.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

**FS - 086/15 Vedtak:**

1. Austrheim kommune inngår ein utbyggingsavtale med vasslaga som dekkar 60 % av kostnadene. Dette utgjer kr. 838 200,-. Delsummar kan refunderast ettersom tilknytingsavgift vert betalt inn eller det er budsjettmessig dekning.
2. Momsrefusjonen etter justeringsreglane på kr. 349 250,- vert tilbakebetalt over 10 år, eller etter dei til ei kvar tid gjeldande reglar
3. Kommunen betalar inn sin del av kostnadene knytt til den kommunale tomta. Summen på

   kr. 30 546,67 vert betalt inn når kommunen har budsjettmessig dekning for dette beløpet.

4. Rådmannen utarbeider utbyggingsavtale bygd på prinsippa i denne saksframstillinga.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 087/15: Klagehandsaming - gbnr 148/109 - Åråsvågen - tilbygg/påbygg garasje

## Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen konkluderer med at opplysningane som er komen inn ikkje endrar noko på vurderingane for boden over garasjen. Rådmannen konkluderer med at klagen ikkje takast til følgje.

Rådmannen rår difor til fylgjande vedtak:
Formannskapet i Austrheim kommune seier seg einig i Rådmannen sine vurderingar og konklusjonar og gjer fylgjande vedtak:

Austrheim kommune tar ikkje klagen til følgje og stadfester tidligare vedtak i sak FS-042/15.

Grunngjevinga er gitt i saksutgreiinga.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagehandsaming.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 087/15 Vedtak:**

Rådmannen konkluderer med at opplysningane som er komen inn ikkje endrar noko på vurderingane for boden over garasjen. Rådmannen konkluderer med at klagen ikkje takast til følgje.

Rådmannen rår difor til fylgjande vedtak:
Formannskapet i Austrheim kommune seier seg einig i Rådmannen sine vurderingar og konklusjonar og gjer fylgjande vedtak:

Austrheim kommune tar ikkje klagen til følgje og stadfester tidligare vedtak i sak FS-042/15.

Grunngjevinga er gitt i saksutgreiinga.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagehandsaming.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 088/15: Kunsthuset Austrheim - leigeavtale

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune inngår avtale med Kunsthuset Austrheim om leige av det gamle kommunehuset i tråd med saksutgreiinga.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Fellesframlegg:
Austrheim kommune inngår avtale med Kunsthuset Austrheim om leige av det gamle kommunehuset i tråd med saksutgreiinga. Dette er ei prøveordning i 2015 og 2016.

Fellesframlegg vart vedteke. med 3 mot 1 røyst(Ernst Stellberg)

**<u>FS - 088/15 Vedtak:</u>**

Austrheim kommune inngår avtale med Kunsthuset Austrheim om leige av det gamle kommunehuset i tråd med saksutgreiinga. Dette er ei prøveordning i 2015 og 2016.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 089/15: Reviderte vedtekter for SFO i Austrheim kommune.

### Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet vedtek dei reviderte vedtektene for SFO i Austrheim kommune slik dei no ligg føre, med verknad frå 1.august 2015.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**<u>FS - 089/15 Vedtak:</u>**

Formannskapet vedtek dei reviderte vedtektene for SFO i Austrheim kommune slik dei no ligg føre, med verknad frå 1.august 2015.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 090/15: Samarbeidsmodell for brann og redningsteneste i bergensregionen

### Rådmannen sitt framlegg:

1. Austrheim kommune tar rapporten «Mulig samarbeidsmodell for fremtidens brann- og redningstjeneste i bergensregionen», utarbeidet av Bergensalliansen, til orientering.

2. Austrheim kommune gir sin tilslutning til å delta i Bergensalliansens videre utredninger om samarbeid mellom brann - og redningstjenestene, i tråd med rapportens anbefalinger.

3. Austrheim kommune ber om ny sak om eventuell deltakelse i samarbeidet fremlegges formannskapet/kommunestyret for behandling når utredningsarbeidet er ferdig.

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 090/15 Vedtak:**

1. Austrheim kommune tar rapporten «Mulig samarbeidsmodell for fremtidens brann- og redningstjeneste i bergensregionen», utarbeidet av Bergensalliansen, til orientering.

2. Austrheim kommune gir sin tilslutning til å delta i Bergensalliansens videre utredninger om samarbeid mellom brann - og redningstjenestene, i tråd med rapportens anbefalinger.

3. Austrheim kommune ber om ny sak om eventuell deltakelse i samarbeidet fremlegges formannskapet/kommunestyret for behandling når utredningsarbeidet er ferdig.

---

## 091/15: TV - aksjon 2015 - Regnskogfondet

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim formannskap vel fylgjande kommunekomite for TV-aksjonen 2015:
- Leiar varaordførar Helge Dyrkolbotn
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Eit medlem utpeikt av Varde Grendelag
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne og familielaget
- Eit medlem utpeikt av miljøorganisasjon
- Ruth Halvorsen (Servicekontoret)

Austrheim formannskap løyver kr.20.000,- til TV-aksjonen 2015 .
Kostnaden vert dekka frå post 149038001902

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 091/15 Vedtak:**

Austrheim formannskap vel fylgjande kommunekomite for TV-aksjonen 2015:
- Leiar varaordførar Helge Dyrkolbotn
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Eit medlem utpeikt av Varde Grendelag
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne og familielaget
- Eit medlem utpeikt av miljøorganisasjon
- Ruth Halvorsen (Servicekontoret)

Austrheim formannskap løyver kr.20.000,- til TV-aksjonen 2015 .
Kostnaden vert dekka frå post 149038001902

---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 092/15: Tertialrapport nr.1. 2015 med budsjettjusteringer.

### Rådmannen sitt framlegg:
Tertialrapport nr.1. 2015 vert teke til vitande

#### 11.06.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

**FS - 092/15 Vedtak:**

Tertialrapport nr.1. 2015 vert teke til vitande

---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 093/15: Budsjettjusteringar nr.1 2015

### Rådmannen sitt framlegg:
Austrheim kommunestyre godkjenner fylgjande justeringar av budsjettet for 2015.

| Art | Ansvar | Tjeneste | Prosjekt | Kontotekst | Øke utg. + | Redu utg - | Øke innte - | Red. innt + |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 18 000 | 900 | | | Rammetilskudd | | | -557 000 | |
| 18 000 | 900 | | | Ekstra Skjønnstilskudd | | | -700 000 | |
| 18 700 | 900 | | | Reduksjon skatt | | | | 5 000 000 |
| 18 005 | 900 | | | Inntektsutjamning | | -2 400 000 | | |
| 18 105 | 900 | | | Flyktningtilskot | | | -1 900 000 | |
| 19 005 | 900 | | | Reduksjon Utbytte | | | | 1 700 000 |
| 15 000 | 900 | | | Reduksjon renteutgifter | | -700 000 | | |
| 19 400 | 900 | | | Mindre bruk disp.fond | | | | 2 157 000 |
| 11 652 | 201 | | | Øke Barnevern | 2 000 000 | | | |
| 15 203 | 302 | | | Midler til livsopphold | 1 000 000 | | | |
| 19 800 | 900 | | | Merforbruk 2015 | | -5 600 000 | | |
| | 99 | | | K-31/15 Oppgardering Årås skole | 14 700 000 | | | |
| | 99 | | | K-29/15 Oppgradering Sentrumspark | 900 000 | | | |
| | 99 | | | K-28/15 Minigravemaskin | 230 000 | | | |
| | 99 | | | Ovf. Fra Asfaltering til minigravemaskin | | -115 000 | | |
| | 99 | | | Ovf. Fra Asfaltering til nødnett | | -120 000 | | |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 99 | | | Ovf fra Veglys til minigravemaskin | | -115 000 | | |
| | 99 | | | Ovf. Fra Veglys til nødnett | | -120 000 | | |
| | 99 | | | K-30/15 Klubbhus. Ovf. Fra salg Årås B. | 1 750 000 | | | |
| | 99 | | | Prosjekter fra 2014 Note 10 år 2014 | 6 162 762 | | | |
| | 99 | | | Ekstra lånemidler | | | -14 700 000 | |
| | 99 | | | Tilskudd Sentrumspark | | | -500 000 | |
| | 99 | | | Bruk av invest.fond til oppgradeing park. | | | -400 000 | |
| | 99 | | | Salg Årås barnehage ovf. til klubbhus | | | -1 750 000 | |
| | | 99 | | Ubrukte lånemidler Note 10 år 2014 | | | -6 162 762 | |
| | | 99 | | K-27/15 Digitalt Nødnett | 240 000 | | | |
| | | 99 | | Merforbruk 2014 | | | | -5 139 518 |
| | | | | | - | | | |
| | | 99 | | Fra disposisjonsfond | | | 5 139 518 | |
| | | | | | 26 982 762 | -9 170 000 | -21 530 244 | 3 717 482 |
| | | | | | | | Kontroll | |
| | | | | | | | | - |

## 11.06.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

## <u>FS - 093/15 Vedtak:</u>

Austrheim kommunestyre godkjenner fylgjande justeringar av budsjettet for 2015.

| Art | Ansvar | Tjeneste | Prosjekt | Kontotekst | Øke utg. + | Redu utg - | Øke innte - | Red. innt + |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 18 000 | 900 | | | Rammetilskudd | | | -557 000 | |
| 18 000 | 900 | | | Ekstra Skjønnstilskudd | | | -700 000 | |
| 18 700 | 900 | | | Reduksjon skatt | | | | 5 000 000 |
| 18 005 | 900 | | | Inntektsutjamning | | -2 400 000 | | |
| 18 105 | 900 | | | Flyktningtilskot | | | -1 900 000 | |
| 19 005 | 900 | | | Reduksjon Utbytte | | | | 1 700 000 |
| 15 000 | 900 | | | Reduksjon renteutgifter | | -700 000 | | |
| 19 400 | 900 | | | Mindre bruk disp.fond | | | | 2 157 000 |
| 11 652 | 201 | | | Øke Barnevern | 2 000 000 | | | |
| 15 203 | 302 | | | Midler til livsopphold | 1 000 000 | | | |
| 19 800 | 900 | | | Merforbruk 2015 | | -5 600 000 | | |
| | 99 | | | K-31/15 Oppgardering Årås skole | 14 700 000 | | | |
| | 99 | | | K-29/15 Oppgradering Sentrumspark | 900 000 | | | |
| | | | | K-28/15 Minigravemaskin | 230 000 | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 99 | | | | | | |
| 99 | | Ovf. Fra Asfaltering til minigravemaskin | | -115 000 | | |
| 99 | | Ovf. Fra Asfaltering til nødnett | | -120 000 | | |
| 99 | | Ovf fra Veglys til minigravemaskin | | -115 000 | | |
| 99 | | Ovf. Fra Veglys til nødnett | | -120 000 | | |
| 99 | | K-30/15 Klubbhus. Ovf. Fra salg Årås B. | 1 750 000 | | | |
| 99 | | Prosjekter fra 2014 Note 10 år 2014 | 6 162 762 | | | |
| 99 | | Ekstra lånemidler | | | -14 700 000 | |
| 99 | | Tilskudd Sentrumspark | | | -500 000 | |
| 99 | | Bruk av invest.fond til oppgradeing park. | | | -400 000 | |
| 99 | | Salg Årås barnehage ovf. til klubbhus | | | -1 750 000 | |
| | 99 | Ubrukte lånemidler Note 10 år 2014 | | | -6 162 762 | |
| | 99 | K-27/15 Digitalt Nødnett | 240 000 | | | |
| | 99 | Merforbruk 2014 | | | | -5 139 518 |
| | 99 | Fra disposisjonsfond | - | | 5 139 518 | |
| | | | 26 982 762 | -9 170 000 | -21 530 244 | 3 717 482 |
| | | | | | Kontroll | - |

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 094/15: Budsjett 2015 - Økonomiplan 2016 - 2019

## Rådmannen sitt framlegg:

1. **Økonomiplan 2016-2019, vert vedteke slik det ligg føre i tabelloppsettet i saksutgreiinga, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einskilde driftsåra:**

| Rammeområde: | | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |

2. **1. års ramme i økonomiplanen, vert grunnlaget for det vidare arbeidet med å fastsetje årsbudsjettet for år 2016**

3. **Dei totale investeringsrammene for åra 2016-2019, vert vedteke slik dei ligg føre i vedlagte tabelloppsett, med fylgjande endringar for dei einskilde driftsåra:**

| Pr.nr. | Investeringar: | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |

**11.06.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

**FS - 094/15 Vedtak:**

1. **Økonomiplan 2016-2019, vert vedteke slik det ligg føre i tabelloppsettet i saksutgreiinga,<br>med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einskilde driftsåra:**

| Rammeområde: | | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |

2. **1. års ramme i økonomiplanen, vert grunnlaget for det vidare arbeidet med å fastsetje årsbudsjettet for år 2016**

3. **Dei totale investeringsrammene for åra 2016-2019, vert vedteke slik dei ligg føre i vedlagt tabelloppsett, med fylgjande endringar for dei einskilde driftsåra:**

| Pr. nr. | Investeringar: | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------